

Sak

HØRING AV NOU 2004:13 - OM SAMORDNING AV AETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Formannskapet	059/04	09.11.2004	AGB

Saksansv.: Anne Grete Bakkene	Arkiv: K1-024, K3- &63	Arkivsaknr.:	2004001852
	Objekt:	Journalpost:	2004005784

Vedlegg:

1. Utkast til uttale frå Nord-Fron kommune, datert 27.oktober 2004.

Utrykte vedlegg:

1. NOU 2004:13 En ny arbeids- og velferdsforvaltning; om samordning av Aetats, trygdeetatens og sosialtjenestens oppgaver.
2. Høyringsuttale frå KS- Oppland
3. SATS på kommunene – kommentarhefte frå KS til Rattsø-utvalgets forslag.

Bakgrunn for saka:

Ved kongeleg resolusjon 15.08.2003 oppnemnde regjeringa Bondevik II eit utval til å utgreie ulike organisasjonsmodellar for samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta. Utvalet la fram si utgreiing, *NOU 2004:13 En ny arbeids- og velferdsforvaltning*, 29.juni 2004.

Utgreiinga har blitt sendt ut på høyring med frist attende til Sosialdep. innan 1.november 2004. Høyringsinstansane er bedt om å kome med merknader til utvalet sine vurderingar og forslag. Avgjerd om organiseringa vil truleg bli fatta av Regjering og Storting våren 2005.

Rattsø-utvalet foreslår ei framtidig velferdsforvaltning med framleis to statlege etatar, **etat for inntekt og arbeid og ein pensjonsetat**, der fleire av oppgåvene frå tidlegare trygdeetaten (alle arbeidsretta tiltak og tenester og relaterte ytingar) blir flytta over til ny etat for inntekt og arbeid. Pensjonsetaten får ansvar for pensjonsytingar, familieytingar og helserefusjonar. Utvalet foreslår at kommunane beheld ansvaret for den økonomiske sosialhjelpa og sosialkontora etter sosialtenestelova.

KS Oppland har kome med ei relativt omfattande notat / uttale til saka. Eg meiner at vi lokalt bør gje ei mindre omfattande uttale der vi tar tak i nokre av punkta som er oppe til debatt.

Administrasjonssjefen si vurdering:

Mandatet om å utgreie alternativet med ein felles etat / einsarta teneste er ikkje følgt tilstrekkeleg opp av utvalet. Rattsø-utvalet vart sett ned i 2003 etter at Stortinget hadde *sendt St.melding 14 Samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten (2002 - 2003)* attende til Regjeringa utan realitetsbehandling.

I vedlagde uttaleutkast har vi fokusert mykje på *brukarperspektivet*. Eit viktig formål med reformen er å utvikle ei forvaltning som er betre tilpassa brukarane sitt behov. Ei heilheitleg

utnytting av – og tilgang til – verkemidla er ein føresetnad for ei rask avklaring av behov og rask iverksetjing av hensiktsmessige tiltak med sikte på tilbakeføring til arbeid.

I ei tid med store endringar i samfunnsstrukturen meiner vi at det må vere viktig å få gode regionale løysingar uansett kva modellar / løysingar som blir valt.

Det må gjerast store og mange grep for å oppnå målsettinga om fleire i arbeid og aktivitet og færre på trygd og sosialhjelp, samt å få ei brukarretta og effektiv velferdsforvaltning. Måten vi tilrettelegg og organiserer tenestene for dei som treng hjelp her er eit viktig grep.

Administrasjonssjefen viser til forslag til uttale frå Nord-Fron i vedlegg 1, der vi har valt å ha fokus på 3 delar av utgreiinga. Dersom formannskapet ønskjer justeringar / tillegg bør det knytast opp i mot dei same punkta.

Administrasjonssjefen legg saka fram for formannskapet med slik:

Innstilling:

Formannskapet vedtek uttale til NOU 2004:13 En ny arbeids- og velferdsforvaltning i samsvar med forslag til uttale som følgjer som vedlegg 1 til saka.

FOR-059/04 09.11.2004 Vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

Rett utskrift:

Sentraladministrasjonen i Nord-Fron, 09.11.04

Ingrid Stormyrbakken

Ingrid Stormyrbakken
førstesekretær